



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 19.06.2018
Vår ref.: 2018/10454-6
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Fråsegn - Høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Alver næringsområde sør - PlanID 1263-201601 - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 5.4.2018 om høyring av forslag til detaljregulering for Alver næringsområde. Vi beklagar at vårt svar kjem seint og etter fristen.

Hovudføremålet i planen er næring. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til næringsføremål. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre: www.hordaland.no/plan.

Vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Samferdsel

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader når det gjeld samferdsle. Krysset mellom fylkesvegen (Alverflaten) og kommunal veg (Alvervegen) har vore utarbeid for å betre trafikktryggleik og sikre kryssing av fylkesvegen. Her finn ein og eit tilfredsstilande kollektivtilbod. Kommunen har lagt inn rekkjefølgjekrav for utbetring av kommunal veg.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian ENgum
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Sigrun Wølstad, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA